



# Naturvernforbundet i Tingvoll

Tingvoll, 29.11.2022

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

## **RAPPORT - UTVALDE NATURTYPAR 2022 – AKSNESET – SLÅTTEENGA – BN00079412**

Dykkar ref. 2022/202.

### **Slått**

Den 13.8. blei det slått eit lass ovom fjøset. Den 2.10 var vi i alt 3 slåttefolk som tok resten. Det er i alt brukt 20,5 timar til slått dette året.

Det var svært sein slått på mesteparten, og alt var blomstra av til slått.

Alt graset, 4 tilhengarlass (7,5 m<sup>3</sup> trakka) (eitt lass meir enn i fjor), blei levert til hestefôr.

### **Hogst**

Det er ikkje hogd noko dette året.

### **Behov**

Framleis går det an å rydde meir mot bekken. Krattskogen veks både på nedsida og langs bekken, og delvis på oversida, så ryddebehovet aukar.

Vi veit ikkje av noko anna enn at skjøtselen kan halde fram til neste år, som no.

### **Artsregistreringar**

Det er lagt inn artsregistreringar på [www.artsobservasjoner.no](http://www.artsobservasjoner.no) også dette året.

Med helsing

Øystein Folden  
Leiar

Kopi: Tingvoll kommune



**Figur 1. Foto tatt 13.08.2022 Øystein Folden. Første dag med slått, der det er noko meir vekst enn elles på lokaliteten.**



**Figur 2. Foto 02.10.2022 Øystein Folden. Øvst i bakken mot nordvest blei det slått heilt opp til stien.**



**Figur 3. Foto 02.10.2022 Øystein Folden. Det blei slått godt ut i kantane mot nord.**



**Figur 4. Foto 02.10.2022 Øystein Folden. Det blei slått godt ut i kantane mot sørvest også.**